

# **NRK** Nynorsk mediesenter

Status per 27.06.2012



## Eit senter prega av tillit og god lagånd

- NRK Nynorsk mediesenter er prega av tillit til kvarandre, god stemning og lagånd. Det syner ei medarbeidagranskning der kull 14 og 15 vart spurde om korleis det er å vere nynorskpraktikant. Det seier den fagleg ansvarlege for granskning, Bitten **Kallerud** (bilete), i Organisasjonstaben i NRK.

Det er andre gongen det vert gjort ei medarbeidagranskning for NRK Nynorsk mediesenter. Den fyrste var i 2008/2009.

- Det er gode tilbakemeldingar frå praktikantane. Dei opplever eit miljø der alle medverkar til å gjere kvarandre gode. Kollegaene deler kunnskap og tek seg god tid til faglege diskusjonar. Faglærarane er tydelege på kva dei forventar og følgjer praktikantane tett med tilbakemeldingar. Og praktikantane opplever at leiinga er interessert og engasjert i dei og framtida deira, seier Bitten Kallerud.

Ho peikar ut to område der det er god framgang sidan førre granskning. No opplever praktikantane i større grad at mediesenteret fangar opp nye impulsar og stimulerer dei til å tenkje nytt. Dei får også ei meir systematisk oppfølging av dei måla som er sette for dei.



- Skalaen dei skal svare på, går frå ein til sju, der dei er meir nøgde til høgare tal dei kryssar av på. 100 prosent av dei har svart antan seks eller sju på om dei ”alt i alt er nøgde med perioden som praktikant”. Det er flott, det går ikkje an å få det betre, seier Bitten Kallerud.

## 77,5 prosent arbeider i media

Per 1. juli 2012 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 80 nynorskpraktikantar på åtte år. Av dei arbeider 77,5 prosent i ulike medieverksemder, og heile 65 prosent er i NRK. Totalt har 28 fått seg fast arbeid som journalistar, og mange er vikarar og tilkallingsvikarar.

Sidan førre statusrapport i mars har to fått fast arbeid i NRK.

Det er Siri Kleiven Strøm (1987), som journalist i NRK Hordaland, og Ann-Iren Finstad (1980), som journalist i NRK Dagsrevyen.



## Leiar for Språkåret 2013



Inger Johanne Sæterbakk (1981), er tilsett som leiar for Språkåret 2013 og byrjar i jobben fredag. Ho gjekk på det fyrste kullet med nynorskpraktikantar 2004/05, og har etterpå arbeidd i NRK på Tyholt, i NRK Troms og Finnmark og som informasjonsrådgjevar ved Hålogaland teater og i Tromsø kommune.

- Dette er ei spennande oppgåve som eg gler meg til å ta fatt på. Eg skreiv min fyrste tekst på nynorsk i Ivar Aasen-året 1996, og sidan det har eg knytt den språklege identiteten min til nynorsk skriftspråk og nordnorsk dialekt, seier Sæterbakk.

På oppdrag frå Kulturdepartementet har Nynorsk kultursentrum utvikla prosjektplanen for 2013 som eit nasjonalt språkår. Målet er ei raus, inkluderande og samlande feiring av alt språk i Norge med grunnlag i

200-årsjubileet for Ivar Aasen og 100-årsjubileet til Det Norske Teateret.

- Inger Johanne Sæterbakk er eit prosjektmenneske av rette sorten for det intense drivet som kjem til å prege Språkåret, seier direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum.

## Kull 16 er i arbeid



Til helga er det sekstande kullet med nynorskpraktikantar ferdige og må syte seg sjølve med arbeid. Bak frå venstre: Hans-Olav **Rise** (1991) er i NRK Møre og Romsdal og har fått seg sommarjobb der. Raymond **Lidal** (1986) har hatt ekstern praksis i Utanriksredaksjonen i NRK og held fram der som sommar- og tilkallingsvikar. Wilhelm **Støylen** (1980) har hatt ekstern praksis i Nitimen/Reiseradioen og held fram som sommarvikar i Reiseradioen. Ingunn **Rauk** (1983) har praksis i Kulturhuset i NRK P2 og vert tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt. Det gjer også Katrine **Nybø** (1986), som har hatt praksisen sin der. Slik oppsummerer dei fem på kull 16 tida som nynorskpraktikantar:

**Ingunn Rauk:**

- Å sökje praktikantstilling ved Nynorsk mediesenter er noko av det luraste eg har gjort. Det er fantastisk å tenkje tilbake på dei korte, intense månadane som ligg bak meg, og kor mykje eg har lært. Praksisperiodane ved NRK Sogn og Fjordane og NRK P2 har vore dører inn til ei ny verd som eg håpar å få prøvd meg meir i. Å bli stilt høge krav til og tilsvarende tillit har gjort meg sjølvstendig og ikkje minst glad i journalistikk som yrke. No gjeld det å sjå framover, og jobbe hardt for framleis å vise seg tilliten verdig.

**Raymond Lidal:**

- Eg har fyrst og fremst hatt det veldig kjekt. Både i Førde og på Marienlyst. Dei fire fyrste månadene førebudde meg verkeleg på dei to siste. Det har vore veldig gøy å få ta del i eit så utruleg kunnskapsrikt og spanande miljø som utanriksredaksjonen. Ein kunne tru det skulle vere i overkant skummelt, men dei har alle teke veldig godt imot meg. Fadderordninga har fungert godt, og eg har òg fått gode tilbakemeldingar og mykje ansvar medan eg har vore her. Litt over halvvegs ut i praksisperioden fekk eg tilbod om sommarjobb og tilkalling, så opphaldet mitt her og i Førde har vore ei eventyrferd frå ende til annan.

**Wilhelm Støylen:**

- Eg er veldig glad for å ha gått i lære på Nynorsk mediesenter. På kort tid har eg lært mykje og fått nyttige verktøy som gjer at eg kjenner meg trygg på å lage reportasjar til radio, tv og nett. Praksistida i redaksjonen i Førde var veldig lærerik og nyttig, og vi fekk prøve det meste. I Nitimen og Reiseradioen har eg blitt godt tatt i mot, og eg har fått gjere mykje spanande heile vegen.

**Katrine Nybø:**

- Dette har vore ei fantastisk reise, og eg har lært mykje. Mykje meir enn det eg trudde eg var i stand til å gjere på så kort tid. Det å kome til Førde var skummelt sidan eg ikkje heilt visste kva eg gjekk til. Eg lurte mykje på om eg var flink nok, om det var for krevjande, og om det var denne vegen eg ville gå. Men det skulle vise seg å vere det smartaste eg har gjort, for den læringa og erfaringa eg har fått som nynorskpraktikant, har verkeleg vore gull verdt. Eg har så absolutt fått stadfesta at det er dette eg heile tida har brunne for, og det er godt å endeleg kunne seie at eg har funne draumejobben i draumeyrket. Eg får halde fram Dagsnytt etter avslutta praksis, og dei dyktige og engasjerte lærarane i Førde skal ha all heider og ære for den verdifulle bagasjen dei gir oss nynorskpraktikantar som gjer at slikt vert mogeleg.

**Hans-Olav Rise:**

- Tida som nynorskpraktikant har vore utruleg lærerik og inspirerande. Eg har visst i mange år at eg ville jobbe i media, men NRK Nynorsk Mediesenter gav meg både ny giv, eit ekstra spark i ræva og veldig mykje viktig læring. I både opplæringstida og dei to praksisperiodane har eg møtt og høyrt på enormt mange inspirerande og dyktige menneske. No ser eg fram til eit vidare liv i media, forhåpentlegvis i NRK.

## Kull 17 er klart



20. august byrjar det syttande kullet på opplæringa/praksisen i Førde. Her skal dei vere til jul, og etter nyttår er det to månader ekstern praksis i ulike NRK-redaksjonar. Dei kan få praksis også utanfor NRK, men dei fleste vil vere der. Det var 42 søkjrarar til dette kullet, og ein mann og fire kvinner kom inn:

**Marte Halsør Lovell** (1988) er frå Halsør i Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane. Ho har ein master i sosialantropologi og utviklingsstudiar ved Universitetet i Bergen. Masteroppgåva handla om korleis turismen påverkar lokalsamfunna på Cuba.

**Tale Høyem** (1990) er frå Os i Hordaland. Ho kjem frå studiar i film- og videoproduksjon ved NTNU i Trondheim, der ho også har vore aktueltredaktør for Student-TV. Ho har arbeidd i lokalavisa Os og Fusaposten i jule- og sommarferiar.

**Jon Bolstad** (1987) kjem frå Sogndal i Sogn og Fjordane. Han er bachelor i nye medier ved Universitetet i Bergen. I samband med BA-oppgåva har han laga ein applikasjon for mobiltelefon (Android-plattforma) for Universitetsbiblioteket.

**Stine Kyrkjebo Johansen** (1990) kjem frå Kyrkjebo i Høyanger kommune, Sogn og Fjordane. Ho er bachelor i media, IKT og design ved Høgskulen i Volda. I studietida har ho vore med på fleire fleirkameraproduksjonar. Ho har sommarjobb i Firda.

**Kjersti Hetland** (1985), er frå Bryne i Rogaland. Hetland har master i kinesisk språk og samfunn ved Universitetet i Oslo. Ho skreiv masteroppgåve om arbeidstilhøva i den kinesiske industrien. Ho har budd tre år i Kina, som student, lærar og praktikant i ein kinesisk handelsorganisasjon.

## Wenche Eikum sluttar

Frå september av må vi klare oss utan Wenche Schanke Eikum som kursansvarleg. Ho og familien flyttar til Indonesia, der mannen hennar skal bygge opp eit kontor for Innovasjon Norge i hovudstaden Jakarta. Dei vert vekke i minst to år.

- Det vert spennande, men eg kjem til å sakne både jobben og kollegaene mine i Nynorsk mediesenter. Eg vert nesten vemodig når eg tenkjer på kor kjekt det har vore å reise rundt i ulike bedrifter og halde kurs, seier Wenche.

Det siste kurset ho held, i alle høve i denne omgang, er eit nynorskkurs for Hordaland fylkeskommune først i september.



## Noralv Pedersen tek over nynorskkursa



- Når først så gale er at Wenche reiser så passa det godt at Noralv Pedersen har eitt års permisjon fra NRK Sogn og Fjordane, for å flytte heim til Vik med familien og skrive bok. Han har sagt ja til å ta over nynorskkursa våre, og det er eg glad for, seier Magni Øvrebotten.

Pedersen (1975) har vore reporter i NRK Sogn og Fjordane sidan 2003. Tidlegare har han arbeidd mellom anna i NRK Kulturnytt og Dag og Tid. I 2009 gav han ut *Den gode viljen. Ein dokumentar om norsk fredspolitikk* (Spartacus forlag).

Pedersen er cand.polit. frå NTNU med geografi hovedfag og nordisk mellomfag. Han er språkkontakt i NRK Sogn og Fjordane og medlem i språkutvalet i NRK.

## Brukar dei ressursane vi har

- Førebels har eg ikkje tenkt å tilsette ny kursansvarleg etter Wenche. Vi vil bruke dei ressursane vi har og leige inn dei vi treng i tillegg, og sjølv administrere kursverksemda. Så får vi vurdere etter kvart kor krevjande salsarbeidet vert, seier Øvrebotten.

Tone Lin Støfring tek over ansvaret for førebuing og gjennomføring av beredskapskurs, framleis med Inge Kjell Holme som makker på kursa. Arve Sandal har halde presentasjonskurs og vil i framtida også halde kurs i medietrening. - Randi Indrebø og Ragnvald Søgne sand deler på å vere fotografar på dei kursa, og i tillegg driv eg medietrening. Treng vi fleire kurshaldarar får vi skaffe oss det etter kvart. Vi held på profilen med at vi skal ha folk med bakgrunn frå media til å halde kursa våre, seier Øvrebotten.

Sjå elles meir om kursverksemda på [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)

# Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar 2012

Kultur- og debattredaktør i Bergens Tidende, Hilde Sandvik, og journalist Katrine Sele, i Firda, deler i år Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar.

Prisen vert delt ut i ”Medietimen” under Dei nynorske festspela i Ørsta fredag 29. juni. Prisvinnarane får 25.000 kroner, eit kunstverk og eit diplom kvar.

Juryen seier mellom anna dette om dei to prisvinnarane:

**Katrine Sele** (1972) er nyhende- og kulturjournalist i Firda, den største nynorskavisa i landet, som kjem ut i Førde i Sogn og Fjordane. Spesialiteten hennar er lange kulturreportasjar, ei blanding av reportasje, kulturartikkel og kommentar. Tekstane byggjer alltid på eit grundig arbeid på førehand. Ho snakkar med masse folk, har gode kjelder og stiller spørsmål vi ikkje visste at vi lurde på. Tekstane hennar lever vidare i tanken lenge etterpå, og ho er ikkje redd for å vekke debatt. Ho skriv om folk som til vanleg ikkje kjem til i media, og bak møta med ”vanlege folk” vaker store spørsmål: Kva personleg kamp ligg bak vala til folk? Kva gjer at nokon tilgir, andre ikkje? Kva kan vi godta i ein krigssituasjon?

For Katrine Sele vart sidemålet hennar, nynorsk, arbeidsspråket i Firda. Ho er såleis eit god dømme på at bokmålsfolk kan bli gode nynorskbrukarar, om dei vil, kan og må – og at det er viktig med sidemål i skulen. Språket hennar er enkelt og godt å lese. Ho arbeider med det og har utvikla sin eigen tydelege ”signatur”. Det er lett å kjenne att det Katrine Sele har skrive.



**Hilde Sandvik** (1970) er kultur- og debattredaktør i Bergens Tidende. Ho skriv alltid nynorsk i kommentarane og intervjuja sine, og set stadig oftare dagsorden både for debattar i sosiale media og i debattprogram i radio og fjernsyn.

Sosiale media har opna ein heilt ny arena for kommentarstoff, og her har Hilde Sandvik skapt eit stort og godt rom ikkje berre for seg sjølv, men også for nynorsken. Berre i løpet av dei siste månadane har ho skapt stor debatt med fleire kommentrarar. I kommentaren ”Kjærleikens sorgereise” får ho fram korleis nynorsk er eit hinder for dei som ynskjer seg karriere som journalist eller kommentator i norske media. Samstundes sette ho ord på kor kjenslevart og personleg spørsmålet om bruk av nynorsk er for mange.

Sandvik er ein uredd debattant, som går til åtak utan nåde når det trengs og som gjer klart og tydeleg greie for argumenta sine. Ho brukar gjerne personlege anekdotar for å belyse viktige saker og skriv ofte nære og gripande kommentarar som er til inspirasjon for samkjensla i oss, skriv juryen mellom anna.

I juryen sit NRK-journalist Gry Molvær som leiar. Ho har med seg kommentator Tom Hetland i Stavanger Aftenblad og forfattar Olaug Nilssen. Leiaren for NRK Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten, er sekretær for juryen. Det kjem seg av at Kulturdepartementet gav denne oppgåva i gave til mediesenteret då det vart opna i 2004.

### **"Kjærleikens sorgereise" – om å bruke nynorsk i avisene**



I samband med prisutdelinga i Ørsta vert det ein samtale med rot i kommentaren ["Kjærleikens sorgereise"](#). Hilde Sandvik skreiv han etter utspelet frå Kristin Halvorsen og Utdanningsdirektoratet om sidemålet i skulen i januar i år.

- Sidan problemet med å få skrive nynorsk er størst i riksavisene, spurde vi ei mengd med redaktørar der om å stille til debatt om dette, men det høvde ikkje å kome for nokon av dei, seier Magni Øvrebotten.

Nyhendeanker i TV2, **Arill Riise**, skal leie samtalen. I panelet sit debattredaktør **Elisabeth Skarsbø Moen** i VG, som i kampens hente i vinter sa at ho ville byrje å skrive meir nynorsk. Ansvarleg redaktør i Sunnmørsposten, **Hanna Relling Berg**, representerer redaktørstanden, og dei to prisvinnarane, **Katrine Sele** og **Hilde Sandvik**, er med,

### **Kvar vert nynorskpraktikantane av?**

Per 01.07.2012 har vi sendt frå oss 80 nynorskpraktikantar, og 77,5 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. 65 prosent arbeider i NRK. Totalt har 28 fast arbeid i media, 22 av dei i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio-og fjernsynsprogram, som til dømes Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, NRK Super, Radio Super, Reiseradioen, NRK.no og ved distriktskontora i Telemark, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre

og Romsdal og Nordland.

Av plassomsyn tek vi berre med dei fem siste kulla i statusrapportane. Du finn alle kulla på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei arbeider, så sant dei hugsar å melde frå sjølve.

### Kull 16 – 03.01. til 30.06.2012



Hans-Olav **Rise** (1991) er sommarvikar i NRK Møre og Romsdal, Ingunn **Rauk** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt. Raymond **Lidal** (1986) er sommar – og tilkallingsvikar i Utanriksavdelinga i NRK, Katrine **Nybø** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og Wilhelm **Støylen** (1980) er sommarvikar i Reiseradioen.

### Kull 15 – 22.08.2011 til 29.02. 2012.



Sondre **Dalaker** (1992) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Agnese **Bremere** (1988) er tilkallingsvikar i NRK.no, Susanne **Egset** (1989) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og NRK.no, Maria Pile **Svåsand** (1986) er sommarvikar i Kulturnytt , NRK P2 og Lars Erik **Andreassen** (1991) er tilkallingsvikar i ulike program i NRK på Tyholt.

## Kull 14 – 03.01. – 30.06. 2011



Jonas **Sætre** (1986) er vikar i NRK.no, Ingrid **Brandal Myklebust** (1986) er masterstudent og vikar i NRK Dagsrevyen. Ingvild **Nave** (1990) er sommarvikar i NRK Sogn og Fjordane. Elles tek ho Europastudiar ved Universitetet i Bergen. Gry **Brekke Hustveit** (1983) er frilansar på fleirkamera og Christian **Wiik Gjerde** (1981) er vikar i NRK Radio Super, som reporter, produsent og programleiar.

## Kull 13 – 23.08.2010 – 28.02.2011



Vegard **Troøyen Foseide** (1984) er fast tilsett informasjonskonsulent i ungdomsorganisasjonen Changemaker. Hans Henrik **Løken** (1988) er vikar i NRK Sporten, Hilde **Zahl** (1982) er tilkallingsvikar som programleiar i Kveldsåpent i NRK P1, Karl Kristian **Langeland** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane og Hans Kristen **Hyrve** (1985) er vikar i RadioSelskapet og i sendeleiinga i NRK P2.

## Kull 12 – 04.01. til 30.06. 2010.



Astrid Marie **Grov** (1984) er vikar i Språkrådet, Ingvil **Aaen Torpe** (1982) er vikar og vaktsjef i "Førkveld" i NRK Hordaland. Kristin **Vestreim** (1982) er vikar i "Kulturhuset" i NRK P2. Mari **Langva** (1986) er tilkallingsvikar i Her og Nå, og Gunn Evy **Auestad** (1986) er fast tilsett i nyhendeavd. i NRK.no

# **Visjon og verdiar**

## **”Stolt nynorsk”**

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskgjøkken vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiling av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

## **”Dyktig – frodig – framfus”**

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at dyktig vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein frodig tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa. Han må vere litt framfus i den positive tydinga av ordet: våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

---

**POSTADRESSE:**  
NRK Nynorsk mediesenter  
Postboks 100,  
6801 Førde

**BESØKSADRESSE:**  
NRK Nynorsk mediesenter,  
NRK Sogn og Fjordane  
Prestebøen 2,  
6800 Førde

**ELEFON:**  
Leiar : 57 72 42 30  
Faglærarar : 57 72 42 74  
Sentralbord: 57 72 42 42  
Telefaks: 57 72 42 75

**E-POST:**  
nynorskmediesenter@nrk.no  
**NETT:**  
[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)